



Dei trimma rundt dalen i fjor. Gjer dei det same i år? (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Ein del har lurt på kor tid starttidspunktet på rebusløpet rundt dalen 1. mai er. Til det kan idrettslaget fortelja at ein i år vil prøva at folk sjølve får bestemma kor tid ein ønskjer å starta på Heio frå klokka 11 og utover, opplyser Cathrine Haugland til uskedalen.no.

Dei som ønskjer å bruka lang tid på både løypa og rebusane, får høve itl å starta allereie klokka 11. Andre, som ønskjer å halda høgt tempo, treng kanskje ikkje starta før nærmare klokka 13. Så her må alle sjølve vurdere kor lang tid ein vil bruka. Alle rebusane som er levert innan klokka 13.45 er med i konkurransen. Premieutdelinga vert klokka 14.

- Det vil bli sal av kaffe, kaker og brus på Heio frå klokka 11.30, så vi vonar mange tek seg tid til ein kaffikopp og, seier Cathrine.

Ho og idrettslaget vonar å sjå mange små og store trimmarar rundt løypa på torsdag.